

## **Saksprotokoll i fylkestinget - 14.06.2016**

Tor André Ljosland (KrF), Sigbjørn Framnes (Frp), Aud Karin Oen (SV), Terje Kollbotn (R) og Gustav Bahus (Frp) stilte spørsmål om dei var ugilde fordi dei er styremedlem/leiar eller medlem i representantskapen i museum. Åse Gunn Husebø (A) stilte spørsmål om ho var ugild fordi ho har møtt som varamedlem i styret for eit museum.

Ljosland, Framnes, Oen, Kollbotn, Bahus og Husebø gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var ugilde.

Fylkestinget vedtok samrøystes at Tor André Ljosland, Sigbjørn Framnes, Aud Karin Oen, Terje Kollbotn, Gustav Bahus og Åse Gunn Husebø (A) var ugilde etter forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Dei ugilde representantane gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 51 representantar til stades.

### **Røysting**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

1. Fylkestinget ser at ei prioritering av tiltaka i museumsplanen har gjort det mogleg å få fram målretta satsingar og felles løft innan einskilde område på museumsfeltet.
2. Fylkestinget sluttar seg til arbeidet som kultur- og idrettsavdelinga har starta med å finne gode måltal for utviklinga innan feltet, slik at statistikk for museumsfeltet vert lagt fram for fylkestinget i samband med evaluering av museumsreforma i løpet av 2017.
3. Fylkestinget vil fortsetje arbeidet med målretta satsingar gjennom ein aktiv museumspolitikk og museumsplanmidlar for å løfte fellessatsingar og utvikle dei økonomiske rammevilkåra.